

KORT INNFORING I BRUK AV KJELDER

Som student ved Humanistisk Fakultet skal du skrive akademiske heimeoppgåver. For å skrive ei god oppgåve, er det viktig at du brukar kjelder på riktig måte. Her er ei innføring i fire grunnprinsipp for kjeldebruk: referanse, parafrase, sitat og litteraturliste. Innføringa gjer også eksempel. I desse referansestilen APA6th brukt. Det finst fleire andre referansestilar, og du kan høyre med fagmiljøet ditt om det føretekker ein bestemt stil. Likevel: Dei fire grunnprinsippa gjeld for alle referansestilar. Og uansett kva for stil du vel: Hugs å bruke den same i heile teksten din.

PLIKTENE TIL STUDENTEN

Som student ved Universitetet pliktar du å setje deg inn i reglane for sitat- og kjeldebruk. I akademiske oppgåver blir det rekna som juks å bruke andre sitt materiale utan å opplyse om det. Om du juksar, kan du få eksamen annullert og bli stengd ute i eitt eller to semester frå alle universitet og høgskolar i Noreg (www.uio.no/studier/admin/eksamen/fusk/).

KORLEIS BRUKE KJELDER

Oppgåva di skal vere ditt eigne, sjølvstendige arbeid. Du skal berre bruke materiale frå andre som kjelder til informasjon om emnet ditt, og til å støtte og illustrere resonnementa dine. Hovuddelen av arbeidet ditt skal i struktur, argumentasjon og innhald vere ditt eige. Her er ei innføring i kjeldebruk i form av fire omgrep: referanse, parafrase, sitat og litteraturliste.

Referanse

- Ein *referanse* (også kalla kjeldetilvising) er ei opplysning om kva slags kjelde noko er henta frå, til dømes kva bok, artikkel eller nettstad. Ved referanse til trykt tekst skal du i tillegg opplyse om sidetal. (Ved referanse til eldre tekstar brukast også kapittel.)
- Referanse (til bok): To tredelar av Pompeii er no utgrave (Berry, 2007, s. 41).

Parafrase

- Ein *parafrase* er ei fri attgjeving (ei attgjeving med eigne ord) av noko ein annan har skrive eller sagt. Ein parafrase skal ikkje ha hermeteikn, og bør ikkje vere lengre enn to-tre setningar. Ein skal gje referanse når ein parafraserer også.

Sitat

- Eit *sitat* er ei ordrett attgjeving av noko ein annan har skrive eller sagt. Om sitatet er på opp til tre linjer, skal det stå i hermeteikn. Om det er lengre, skal det stå som eige avsnitt og med innrykk. Ved både kort og langt sitat skal ein gje opp referanse.
- Eksempel på kort sitat (frå nettstad) med referanse: «came to a permanent standstill» (Pompeionline, 2012).
- Eksempel på langt sitat (frå eldre tekst) med referanse:

Bordet blir ikkje dekt med skaldyr og fisk, men med digre kjøtstykke på veg til å bli skjemde. Slavane som serverer er skitne og ustelte, fleire til og med oldingar; kokken og hovmeisteren er same mann; i huset finst ingen bakar og ingen kjellar, og brød og vin får ein frå kroverten og tønna hans. (Cicero, *Mot Piso*, kap. 67).

Litteraturliste

- Ei litteraturliste (også kalla *bibliografi*) står til sist i oppgåva di. Her opplyser du om forfattar, publiseringsår, tittel, publikasjonsstad, hentedato og / eller anna informasjon om kjeldene du har brukt.

Eit døme på korleis du brukar referanse, parafrase, sitat og litteraturliste ser du på neste side.

TEKSTDØME

Tor Ivar Østmoe: Pompeii som kjelde til romersk daglegliv

Pompeii er den romerske småbyen som i år 79 e.Kr., då vulkanen Vesuv hadde eit utbrot, vart gravlagd i støv og oske og med det «came to a permanent standstill» (Pompeionline, 2012). Systematiske utgravingar byrja i 1748 (Berry, 2007, s. 40), og sidan har byen opna for kunnskap ikkje minst om korleis ein levde til dagleg i ein romersk småby.

At romerske samfunn var prega av standsforskjellar har ein visst lenge, og i Pompeii blir dette stadfesta. Ein har funne meir enn 2500 døme på valplakatar. Når fleire namn går igjen, tydar det på at politikken i byen var dominert av eit fåtal familiar. Noko anna ein legg merke til er at slagorda som følgjer namna er av typen «han er ein bra mann» (Beard, 2009, s. 188-195). Om ein ville ha eit verv i Pompeii, var altså politisk program mindre viktig enn familiebakgrunn og omdøme.

Det var forskjell på folk også på andre måtar: I Pompeii er berre store bustader innreidde med eige kjøken, og det er også mange veggmaleri som viser middagsscener (Beard, 2009, s.94; s. 218). Dette går i retning av at å kunne lage og ete mat heime var eit teikn på velstand, medan å ete på kroer og kneiper var kvardagen for mange, noko som også finn støtte i gamle tekstar. Eit døme er eit invektiv (ein angrepstale) av den romerske talaren Cicero, der han viser at rivalen hans Piso ikkje lever standsmessig:

Bordet blir ikkje dekt med skaldyr og fisk, men med digre kjøtstykke på veg til å bli skjemde. Slavane som serverer er skitne og ustelte, fleire til og med oldingar; kokken og hovmeisteren er same mann; i huset finst ingen bakar og ingen kjellar, og brød og vin får ein frå kroverten og tønna hans. (Cicero, *Mot Piso*, kap. 67).

Men funna i Pompeii opnar også for andre spørsmål. Korleis var trafikken organisert i ein romersk småby? Gatene var tronge, men likevel må det ha vore behov for tilførsle av varer. Det er likevel ikkje teke vare på nokre gate- eller vegskilt. Derimot viser, på somme gatehjørne, kantsteinar slitasje i form av bestemte mønster. Det har ein teke som prov på einvegskøyning i desse gatene, og ein har gått ut frå at køyreretninga var etablert gjennom sedvane snarare enn skilting (Beard, 2009, s. 90-90).

To tredelar av Pompeii er no utgrave (Berry, 2007, s. 41). Byen er tilgjengeleg for besøkande og utgjer ei essensiell kjelde til kunnskap om romersk daglegliv.

Litteraturliste

Beard, M. (2009). *The Life of a Roman Town*. London: Profile Books. (Først utg. 2008 med tittelen *The Fires of Vesuvius: Pompeii Lost and Found*.)

Berry, J. (2007). *The Complete Pompeii*. London: Thames & Hudson.

Cicero (1961). *M. Tulli Ciceronis in L. Calpurnium Pisonem oratio*. Edited with text, introduction, and commentary by R.G.M. Nisbet. Oxford: at the Clarendon Press. (Utdraget er omsett frå latin til norsk av artikkelforfattaren.)

Pompeionline (2012). Pompeii. Henta 7. april 2015 frå <http://www.pompeionline.net/pompeii/>.

OM DU ER I TVIL ELLER ØNSKJER MEIR INFORMASJON

- Sjå nettstaden *Søk og skriv* (<http://sokogskriv.no/>), som gjev ei full innføring i referering og referansestilar. Hugs også å føre referansar på same måte gjennom heile svaret. (I døma i denne innføringa er referansestilen APA 6th brukt.)
- Leit etter informasjon i emnet sitt Fronterrom
- Rett ein førespurnad til læraren på emnet eller seminaret

Lukke til med studia!

Helsing frå studiedekanan ved Humanistisk fakultet, UiO